

Sjå adresseliste

VEST POLITIDISTRIKT

Dykkar referanse:

Vår referanse:
201804690-5

Stad, Dato
Bergen, 17.10.2018

INNBYDING TIL HØYRING – VEST POLITIDISTRIKT SIN INdre ORGANISERING ETTER ENDRINGAR I KOMMUNESTURKTUREN MED VERKNAD FRÅ 1.1.2020

Syner til fullmakt frå Det Kongelege Justis- og beredskapsdepartement som gjeld delegering av myndighet til fastsetjing av endringar i organisasjonsstrukturen til politiet etter politilova 16, 3. ledd til Politidirektoratet av 18. februar 2016 ref. 16/22, og kongens myndighet til fastsetjing av inndeling i namsdistrikt er delegert til Justis- og beredskapsdepartementet ved kongeleg resolusjon 1. september 2017. Justis- og beredskapsdepartementet har i brev av 14. september 2017 delegert myndigheita vidare til Politidirektoratet, samt oppdragsbrev frå Politidirektoratet til Politimeistrane av 30. mai 2018 ref. 201802421-1, punkt 4. kulepunkt 4.

Kommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane inviterast med dette til høyring med 9 vekers frist om politimeisteren sitt forslag til Vest politidistrikt sin indre organisering etter endringar i kommunestrukturen med verknad frå 1.1.2020.

Høyringsfristen er satt til 15. desember kl. 2359. Høyringssvar sendast Politimeisteren i Vest politidistrikt.

Politimeisteren skal vurdera innspel frå fellesnemnder i dei nye kommunane og kommunane i dei råka lensmanns- og politistasjonsdistrikta før tilråding sendast til Politidirektoratet.

Kommunane skal kunna uttala seg om namneval for tenesteeiningar og tenestestader. Det er også moglegheit til å kunna uttala seg om korleis anbefalt justering vurderast å påverke politiet sitt tenestetilbod til innbyggjarane og samhandling med kommunane.

Mål og krav til politiet sin lokale struktur

I arbeidet med å tilpassa politidistrikta sin lokale struktur til ny kommunestuktur, videreførast dei same mål for nærpoltireforma, mål for lokal struktur, samt oppgåver og kvalitetskrav for tenesteeiningar som opplyst om i brev frå politimeisteren i Vest politidistrikt til kommunane 30. juni 2017 vår ref. 201606272-101, Orientering om tenestetilbodet i kommunen.

Det følgjer av politilova § 16, 2. ledd at politidistrikta skal inndelast i lensmanns- og politistasjonsdistrikt. Etter politilova § 17 er den enkelte lensmann eller politistasjonssjef namsmann i sitt distrikt med mindre

Vest politidistrikt

Politimeisteren
Post: Postboks 285 Sentrum, 5804 BERGEN
Besök: Allehelgensgate 6

Tlf: 55 55 63 00
Faks: 55 55 65 50
E-post:
post.hordaland@politi.no

Org. nr.:
Giro:
www.politi.no

oppgåvane blir teken hand om av ein namsfogd. Namsmannsdistrikt skal omfatta ein eller fleire heile kommunar. Kongen kan bestemma at ein lensmann, politistasjonssjef eller namsfogd kan ta hand om oppgåvane som namsmann for fleire lensmanns- og politistasjonsdistrikter i same politidistrikt.

Kva inneber endra kommunestruktur for politiet sin indre organisering?

Definisjonar:

Tenestestad: Politistasjon eller lensmannskontor (ein fysisk stad)

Tenesteeining (lensmannsdistrikt): Eit geografisk område som kan innehalda fleire tenestestader

Namsmannsdistrikt: Omfattar ein eller fleire kommunar i same politidistrikt

Endringar i politiet sin indre organisering ved Vest politidistrikt - driftseining Sogn og Fjordane

Kinn kommune

Kommunane Vågsøy og Flora har vedteke å slå seg saman til ein kommune frå 1.1.2020. Den nye kommunen skal heite Kinn kommune. Vågsøy lensmannskontor høyrer til Nordfjord lensmannsdistrikt og Flora politistasjon høyrer til Sunnfjord lensmannsdistrikt. Vi ser det som naturleg at vi beheld begge kontora med omsyn til geografi og kriminalitetsutfordringar. Begge kontora fungerer bra både når det gjeld vakt, beredskap og etterforsking.

Det vil være noko annleis for korleis ein må organisera seg for å kunna løysa oppgåvane innan den sivile rettspleia i Kinn kommune. Det vil derfor verta lagt fram forslag om at Kinn kommune skal høyra til Nordfjord lensmannsdistrikt og namsmannen i Nordfjord. Forslag til endring er gjeve på grunnlag av at lova ikkje gjer nokon moglegheit til deling av ansvar for namsmannsoppgåvane i ein kommune mellom to lensmannsdistrikter. Det er heller ikkje nokon moglegheit for dispensasjon når det gjeld den organisatoriske tilknytinga for namsmannen i ein kommune.

Forslag

Vest politidistrikt sitt forslag er at namsfunksjonen i Kinn kommune skal høyra til Nordfjord lensmannsdistrikt. Dette begrensast til kun å gjelde det som har med namsmannsfunksjonen og forliksråd å gjøre.

For å løyse dette i praksis må det skrivast ein avtale eller at ei avgjersle vert tatt sentralt om at Flora politistasjon organisatorisk skal høyra til Sunnfjord lensmannsdistrikt, og tilsvarande at Vågsøy lensmannskontor skal høyra til Nordfjord lensmannsdistrikt på alle områder med unntak av namsmannsoppgåvane og forliksråda.

Når det gjeld vakt, beredskap og etterforsking så vil det i praksis være som følgjer.

Tenestestad

Vest politidistrikt legg her fram forslag om at det fortsatt skal være ein tenestestad i Måløy og ein tenestestad i Florø, og at namna på tenestestadane endras til Florø politistasjon og Måløy lensmannskontor. Vi meiner at namneskifte er nødvendig då begrepa Flora og Vågsøy vil forsvinne når Kinn kommune blir en realitet.

Politiråd

Vest politidistrikt legg her fram forslag om at det bør være 1 politiråd i Kinn kommune, men at det på grunn av dei ulike utfordringar i desse to delane av kommunen, både når det gjeld klientell, kriminalitet, vakt- og beredskap o.l. vil være naturleg å halda "arbeidsmøter" der ein konkret ser på Måløy eller Florø sine utfordringar.

Politikontakt

Det bør i framtida være 2 politikontaktar i Kinn, ein stasjonert ved Florø politistasjon og ein ved Måløy lensmannskontor.

Fagleiar politipatrule

Fagleiaren for Sunnfjord sitt i dag i Florø og fagleiaren for Nordfjord sit i Måløy. Det vil være heilt naturleg og ingenting i vegen for at denne ordninga vidareførast med dette forslaget.

Innsatsleiar

Det er i dag innsatsleiarar både i Florø og Måløy, og dette vidareførast med forslaget i dei same funksjonane både i Sunnfjord lensmannsdistrikt og Nordfjord lensmannsdistrikt.

Straffesaksansvarleg

Nordfjord lensmannsdistrikt sin straffesaksansvarlige sitt i Måløy, og ordninga vidareførast med dette forslaget.

Leiar SO-avdelinga i Nordfjord

Leiar SO-avdelinga har i dag tenestested i Måløy, og ordninga vidareførast med dette forslaget.

Namsmanns- og forliksrådsoppgåver

Slik organisasjonen er bygd opp i dag, så har fagleiaren for den sivile rettspleia i Sunnfjord lensmannsdistrikt oppmøtestad i Florø, fagleiar har også sakshandsaminga for Florø. Med dette forslaget vil stillinga som fagleiar for den sivile rettspleia i Sunnfjord lensmannsdistrikt flyttast frå Florø til Førde lensmannskontor, og ein sakshandsamar erstattar stillinga som fagleiar i Florø.

Når ny organisering er på plass vil oppgåveløysinga gå av seg sjølv. Namsmannen i Nordfjord vil ha ansvaret for sekretariatsfunksjonen for Kinn forliksråd og for sakshandsaming av sakene etter tvangfullbyrdelses og gjeldsordningslova i Kinn kommune.

Sogndal kommune

Sogndal, Balestrand og Leikanger kommunar har vedteke å slå seg saman til ein kommune frå 1.1.2020. Den nye kommunen skal heite Sogndal kommune. Sogndal lensmannskontor høyrer til Sogn lensmannsdistrikt, Balestrand lensmannskontor og lensmannskontoret i Leikanger er avvikla.

Forslag

Vest politidistrikt legg her fram forslag om å gje lensmannskontoret i nye Sogndal kommune namnet Sogndal lensmannskontor i Sogn lensmannsdistrikt, og vil vere ansvarleg for nye Sogndal kommune og Luster kommune som er eigen kommune.

Balestrand kommune vert ein del av nye Sogndal kommune, og vil naturleg høyra til Sunnfjord lensmannsdistrikt og Høyanger lensmannskontor når det gjeld det politi-/ og beredskapsmessige, men vil være knytt til Sogndal lensmannskontor når det gjeld politiråd og Sogn lensmannsdistrikt når det gjeld namsmanns- og forliksrådsoppgåver. I dag er også Luster kommune med i dette politirådet (Leikanger/Sogndal/Luster) - denne ordninga vil bli vidareført. Dagens politikontakt for Sogndal/Leikanger får også ansvaret for Balestrand.

Sunnfjord kommune

Samanslåing av kommunane Førde, Naustdal, Gauldalen og Jølster vil ikkje ha betydning for lensmanns- eller politistasjonsgrenser, og vil derfor heller ikkje påverke politiet sin indre organisering på anna måte enn ei namneendring.

Forslag

Vest politidistrikt legg her fram forslag om å gje lensmannskontoret i nye Sunnfjord kommune namnet Førde lensmannskontor i Sunnfjord lensmannsdistrikt.

Stad kommune

Samanslåing av kommunane Selje og Eid vil ikkje ha betydning for lensmanns- eller politistasjonsgrenser, og vil derfor heller ikkje påverke politiet sin indre organisering på anna måte enn ei namneendring.

Forslag

Vest politidistrikt legg her fram forslag om å gje lensmannskontoret i nye Stad kommune namnet Stad lensmannskontor i Nordfjord lensmannsdistrikt.

Endringar i politiet sin indre organisering ved Vest politidistrikt - driftseining Hordaland

Os og Fusa kommune

Kommunane Os og Fusa har vedteke å slå seg saman til ein kommune frå 1.1.2020. Den nye kommunen skal heite Bjørnafjorden kommune. Os lensmannskontor og Austevoll lensmannskontor høyrer begge til Os og Austevoll lensmannsdistrikt og Fusa lensmannskontor høyrer til Kvam, Fusa og Tysnes lensmannsdistrikt. Vi ser det som naturleg at vi beheld alle dei tre kontora med omsyn til geografi og kriminalitetsutfordringar. Alle dei tre kontora fungerer bra både når det gjeld vakt, beredskap og etterforsking.

Det vil være noko anngleis for korleis ein må organisera seg for å kunna løysa oppgåvene innan den sivile rettspleia i Bjørnafjorden kommune. Det vil derfor verta lagt fram forslag om at Bjørnafjorden kommune skal høyra til Os og Austevoll lensmannsdistrikt og namsmannen i Bjørnafjorden. Forslag til endring er gjeve på grunnlag av at lova ikkje gjer nokon moglegheit til deling av ansvar for namsmannsoppgåvene i ein kommune mellom to lensmannsdistrikta. Det er heller ikkje nokon moglegheit for dispensasjon når det gjeld den organisatoriske tilknytinga for namsmannen i en kommune.

Forslag

Vest politidistrikt sitt forslag er at namsfunksjonen i Bjørnafjorden kommune skal høyra til Bjørnafjorden og Austevoll lensmannsdistrikt. Dette begrensast til kun å gjelde det som har med namsmannsfunksjonen og forliksråd å gjere.

For å løyse dette i praksis må det skrivast ein avtale eller at ei avgjersle vert tatt sentralt om at Os lensmannskontor og Austevoll lensmannskontor organisatorisk skal høyra til Bjørnafjorden og Austevoll lensmannsdistrikt, og tilsvarende at Fusa lensmannskontor skal høyra til Kvam, Fusa og Tysnes lensmannsdistrikt på alle områder med unntak av namsmannsoppgåvane og forliksråda.

Når det gjeld vakt, beredskap og etterforsking så vil det i praksis være som før.

Tenesteeining

Vest politidistrikt legg her fram forslag om å endra namnet på tenesteeininga Os og Austevoll lensmannsdistrikt til Bjørnafjorden og Austevoll lensmannsdistrikt. Vi meiner at det vil vera riktig å gjera eit namneskifte som samsvarar med det nye kommunenamnet for Os og Fusa.

Tenestestad

Vest politidistrikt legg her fram forslag om at det fortsatt skal være ein tenestestad i Os, ein tenestestad i Austevoll og ein tenestestad i Fusa.

Politiråd

Vest politidistrikt legg her fram forslag om at det bør være 1 politiråd i Bjørnafjorden kommune. Det vil være naturleg å halda "arbeidsmøter" der ein konkret ser på Os, Austevoll eller Fusa sine utfordringar. Lensmannen i Bjørnafjorden og Austevoll lensmannsdistrikt er fast medlem i politirådet i nye Bjørnafjorden kommune. Fagleiar førebyggjande sit også som fast medlem i politirådet og i SLT sitt styrande og koordinerande nivå. Det er ein ansvarleg fagleiar førebyggande ved kvar av tenesteeiningane som vil ha tett dialog, samhandling, og leiing av førebyggjarar og andre i forbindelse med utføring av arbeid innan fagområdet.

Politikontakt

Vest politidistrikt legg her fram forslag om at det skal være ein politikontakt ved kvar tenesteeining som skal samarbeide opp mot den delen av kommunen kor tenesteeininga har sitt geografiske ansvarsområde. Fagleiar førebyggande ved Bjørnafjorden og Austevoll lensmannsdistrikt har ansvaret i heile kommunen. Tenesteeiningsleiar ved dagens Fusa lensmannskontor er fagleiar førbyggande, både eininga og funksjonen vil bestå og vil ha ansvar for denne delen av kommunen.

Politipatrulje

Med dette forslaget vidareførast dei same funksjonane både i Bjørnafjorden og Austevoll lensmannsdistrikt og Kvam, Fusa og Tysnes lensmannsdistrikt.

Straffesak

Med dette forslaget vidareførast dei same funksjonane både i Bjørnafjorden og Austevoll lensmannsdistrikt og Kvam, Fusa og Tysnes lensmannsdistrikt.

Førebyggande

Med dette forslaget vidareførast dei same funksjonane både i Bjørnafjorden og Austevoll lensmannsdistrikt og Kvam, Fusa og Tysnes lensmannsdistrikt. Eventuelle utfordringar knytt til planlegging av førebygging som strategi og satsingsområde, med beslutning om tiltak osv. vil naturleg måtte løysast gjennom god dialog og samhandling mellom Politiråd, SLT, Politikontakter, E3 (evt. E4), førebyggjarar og andre tenestepersoner i deira daglege virke.

Beredskap (generell vakt og beredskap)

Med dette forslaget vidareførast dei same funksjonane både i Bjørnafjorden og Austevoll lensmannsdistrikt og Kvam, Fusa og Tysnes lensmannsdistrikt. Kriseberedskap o.l.

Lensmannen i Bjørnafjorden og Austevoll lensmannsdistrikt er fast medlem i Politiråd, Beredskapsrådet, og KKL (Kommunens Kriseledelse).

Namsmanns- og forliksrådsoppgåver

Ansvar blir i hht. lov, tillagt namsmannen i Bjørnafjorden kommune, som er lensmannen i Bjørnafjorden og Austevoll lensmannsdistrikt. Namsmannen i Bjørnafjorden vil ha ansvaret for sekretariatsfunksjonen for Bjørnafjorden forliksråd og for sakshandsaming av sakene etter tvangfullbyrdelses og gjeldsordningslova i Bjørnafjorden kommune.

Vi gjer merksam på at vi ønsker og sjå nærmere på moglegheita for å kunne utreda ei eventuell samanslåing av forliksråd i fleire av kommunane innan dei to lensmannsdistrikta.

Utgangspunktet er likevel ett forliksråd i nye Bjørnafjorden kommune (representantar vert valgt i og av kommunen).

Forvaltning

Med dette forslaget vidareførast dei same funksjonane både i Bjørnafjorden og Austevoll lensmannsdistrikt og Kvam, Fusa og Tysnes lensmannsdistrikt. Oppgåvene løysast gjennom tett samarbeid mellom tenesteeiningane og innbyggjarane sin nærmeste tenestested, som skal yta denne type service.

Radøy, Lindås og Meland kommune

Samanslåing av kommunane Radøy, Lindås og Meland vil ikkje ha betyding for lensmanns- eller politistasjonsgrenser, og vil derfor heller ikkje påverke politiet sin indre organisering på anna måte enn ei eventuell namneendring.

Forslag

Det vert ikkje lagt fram forslag om namneending her, men Vest politidistrikt vil vurdera namna på lensmannsdistrikta etter kvart som kommunereforma gjer seg gjeldande. Politidirektoratet har fått delegert fullmakt til å kunna avgjera namneendring på lensmanns- og politistasjonsdistrikt. Formkravet er at namneval er diskutert med kommunane, til dømes i Politiråda.

Ullensvang, Odda og Jondal kommune

Samanslåing av kommunane Ullensvang, Odda og Jondal vil ikkje ha betyding for lensmanns- eller politistasjonsgrenser, og vil derfor heller ikkje påverke politiet sin indre organisering på anna måte enn ei eventuell namneendring.

Forslag

Det vert ikkje lagt fram forslag om namneending her, men Vest politidistrikt vil vurdera namna på lensmannsdistrikta etter kvart som kommunereforma gjer seg gjeldande. Politidirektoratet har fått delegert fullmakt til å kunna avgjera namneendring på lensmanns- og politistasjonsdistrikt. Formkravet er at namneval er diskutert med kommunane, til dømes i Politiråda.

Voss og Granvin kommune

Samanslåing av kommunane Voss og Granvin vil ikkje ha betyding for lensmanns- eller politistasjonsgrenser, og vil derfor heller ikkje påverke politiet sin indre organisering på anna måte enn ei eventuell namneendring.

Forslag

Det vert ikkje lagt fram forslag om namneending her, men Vest politidistrikt vil vurdera namna på lensmannsdistrikta etter kvart som kommunereforma gjer seg gjeldande. Politidirektoratet har fått delegert fullmakt til å kunna avgjera namneendring på lensmanns- og politistasjonsdistrikt. Formkravet er at namneval er diskutert med kommunane, til dømes i Politiråda.

Endringar i politiet sin indre organisering ved Vest politidistrikt - driftseining Bergen, Sotra, Askøy og Øygarden

Fjell, Sund og Øygarden kommune

Samanslåing av kommunane Fjell, Sund og Øygarden vil ikkje ha betyding for lensmanns- eller politistasjonsgrenser, og vil derfor heller ikkje påverke politiet sin indre organisering på anna måte enn ei eventuell namneendring.

Forslag

Det vert ikkje lagt fram forslag om namneending her, men Vest politidistrikt vil vurdera namna på lensmannsdistrikta etter kvart som kommunereforma gjer seg gjeldande. Politidirektoratet har fått delegert fullmakt til å kunna avgjera namneendring på lensmanns- og politistasjonsdistrikt. Formkravet er at namneval er diskutert med kommunane, til dømes i Politiråda.

Vurdering

Det har vært heilt sentralt i arbeidet med tilpassing av Vest politidistrikt sin lokale struktur til ny kommunestruktur at dei same mål for nærlitireforma, mål for lokal struktur, samt oppgåver og kvalitetskrav for tenesteeiningar vidareførast som opplyst om i brev frå politimeisteren i Vest politidistrikt til kommunane 30. juni 2017 vår ref. 201606272-101, Orientering om tenestetilbodet i kommunen.

Det har under kvart av punkta for endringar ved dei aktuelle driftseiningane vært gjort greie for kva tilpassingar som vi meiner vil være naudsynt for å kunne tilpassa Vest politidistrikt sin lokale struktur til ny kommunestruktur, og samstundes vidareføra mål for nærlitireforma.

Vi har tru på at lokale tilpassingar som her er foreslått vil støtta vidare opp under betre utnytting av ressursane og økt kvalitet i tenestene til publikum.

Styring og leiing

Dei føreslårte endringane vil ha mindre innverknad på styring og leiing. I den grad det har innverknad, så meiner vi å ha grunnlag for å seie at det er ei betring av vilkår for å utøva god styring og leiing.

Risiko og sårbarheits vurdering

Vi viser til tidlegare gjennomført risiko og sårbarheits vurderinger i forbindelse med etablering av nye Vest politidistrikt, og vi kan ikkje sjå at føreslårte endringar vil påverka tidlegare vurderingar knytt til risiko og sårbarheit.

Forslag

For å kunne tilpassa Vest politidistrikt sin lokale struktur til ny kommunestruktur og samstundes sørja for å vidareføra måla for nærlitireforma, tilrår politimeisteren at tenestestader og tenesteeiningar vidareføras som i dag, men at namsmanns- og forliksrådsoppgåver samlast i Nordfjord lensmannsdistrikt for Kinn kommune, og i Bjørnafjorden og Austevoll lensmannsdistrikts for Bjørnafjorden kommune.

Namsfunksjonane skal samlast i eit lensmannsdistrikt, jfr politilova § 17.

Det er fleire kommunar enn dei som er omhandla her, som er positive til eller har ønskt å slå seg saman med andre kommunar, og politimeisteren har tidlegare lova kommunane at Vest politidistrikt vil vurdera namna på lensmannsdistrikta etter kvart som kommunereforma gjer seg gjeldande. Politidirektoratet har fått delegert fullmakt til å kunna avgjera namneendring på lensmanns- og politistasjonsdistrikt.

Formkravet er at namneval er diskutert med kommunane, til dømes i Politiråda.

Med helsing

Kaare Songstad

politimeister

Dokumentet er elektronisk godkjend utan signatur.

Sakshandsamar:

Helge Stave

prosjektleiar

Adresseliste

Ordførar/varaordførar i Flora, Vågsøy
Sogndal, Balestrand, Leikanger
Os og Fusa
Fylkesordførar/fylkesvaraordførar
Fylkesmenn
Fagforeiningar i Vest politidistrikt
Elektroniske postmottak

Kopimottakere

Ordførar/varaordførar i
Førde, Naustdal, Gauldalen og Jølster
Selje og Eid
Luster
Hornindal, Volda (Møre og Romsdal)
Fjell, Sund og Øygarden
Radøy, Lindås og Meland
Ullensvang, Odda og Jondal
Voss og Granvin
GDE Sogn og Fjordane v/Arne Johannessen
GDE Hordaland v/Jan L. Fosse